

# Møteprotokoll

**Utval:** Arbeidsutvalet  
**Møtestad:** Telefonmøte  
**Dato:** 22.6.2012  
**Tidspunkt:** 09:00 – 10:20

## Desse medlemmene møtte

Namn	Funksjon	Representant for
Jonny Liland	Nestleiar	Sirdal kommune
Torkel Myklebust	Medlem	Suldal kommune
Tarald Myrum	Leiar	Valle kommune
Oddmund Ljosland	Medlem	Åseral kommune
Oddlaug Tjomsland	Medlem	Vest-Agder fylkeskommune

## Frå administrasjonen møtte

Namn	Stilling
Guro Sødergren	Områdeforvaltar
Alf Odden	Områdeforvaltar
Tarjei Haugen	Områdeforvaltar

## Underskrift

Vi stadfester med underskriftene våre at det som er ført møteprotokollen, er i samsvar med det som vart vedtatt på møtet.

Tarald Myrum  
(sign.)

Torkel Myklebust  
(sign.)

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
AU 127/12	Godkjenning av sakliste og innkalling		2003/2670
AU 128/12	Geir Egil Eie, søknad om helikoptertransport i Vormedalsheie, gnr 39, bnr 2, 11, 14, Hjelmeland kommune		2012/2991
AU 129/12	Søknad om dispensasjon til helikoptertransport i Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Sirdal, Hjelmeland og Bykle kommune- Stavanger Turistforening.		2012/2899
AU 130/12	Søknad om dispensasjon til helikoptertransport i Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Åseral kommune- Agder Energi Produksjon AS		2012/3020
AU 131/12	Søknad om dispensasjon til byggetiltak ved Solbu i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Åseral kommune - Kåre Skretting		2012/2895
AU 132/12	Stavanger turistforening. Søknad om helikoptertransport i verneområda i Suldal		2012/3126
AU 133/12	Aktiv/Villmark/Opplevelser og Eventus A/S. Søknad om økonomisk støtte til Heibergarrangement		2012/3128
AU 134/12	Søknad frå Eventus AS og Aktiv Villmark Opplevelse om løyve til å arrangere Heibergdagar 2012 på "Gamle Gråmannen" i Sirdal kommune		2012/3150
AU 135/12	Søknad frå Haavard Martinsen om helikoptertransport til Bossbu i Valle kommune		2012/2822
AU 136/12	Søknad frå Bernhard Arild Stene om helikoptertransport til Bossbu i Valle kommune		2012/2428
AU 137/12	Søknad frå Tommy Bøe om helikoptertransport til Bossbu i Valle kommune		2012/2868
AU 138/12	Søknad frå Torbjørn Vatne om helikoptertransport til Hovatn i Bykle kommune		2012/2690
AU 139/12	Søknad frå DNT Sør om helikoptertransport til Gaukhei i Bygland kommune		2012/2869
AU 140/12	Søknad om dispensasjon til helikoptertransport i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Åseral kommune. Grete Hald Melsom		2012/2896
AU 141/12	Søknad frå Tarjei Langeid om helikoptertransport til Uhomsstøyl i Bygland kommune		2012/3005

AU 142/12	Søknad frå Inger og Thomas Gleditch om helikoptertransport til Øyevatn i Bygland kommune	2012/2757
AU 143/12	Stian Mæland, søknad om helikoptertransport i Vormedalsheia, gnr 39, bnr 3-8, Hjelmeland kommune	2012/3031
AU 144/12	Odd Arne Aadneram. Søknad om helikoptertransport i Frafjordheiane gnr 64, bnr 1, Gjesdal kommune	2012/3029
AU 145/12	Søknad om dispensasjon til helikoptertransport i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Åseral kommune. Toril Hald Oftebro	2012/2898
AU 146/12	Søknad om dispensasjon til helikoptertransport i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Åseral kommune. Gustav Olsen jr.	2012/2893
AU 147/12	Søknad frå Trond Refsnes om transport med helikopter til Bossbu i Valle komme	2012/2491
AU 148/12	Søknad om dispensasjon. NJFF - Rogaland	2012/2325
AU 149/12	Søknad om helikoptertransport frå Karl Martin Mattingsdal til Videlega i Valle kommune og Gaukhei og Strondelega i Bygland kommune	2012/3012
AU 150/12	Søknad om dispensasjon til helikoptertransport i Setesdal Vesthei -Ryfylkeheiene landskapsvern - område, Åseral kommune. Baard Kjelsaas og Morten Salvesen	2012/2503
AU 151/12	Søknad frå Stavanger Turistforening om helikoptertransport til Storsteinhytta i Bykle kommune	2012/3094
AU 152/12	Flytting av Sirdalkontoret fra Kvæven Bygdetun til kommunehuset på Tonstad	2012/2335
AU 153/12	Stavanger turistforening. Søknad om helikopter - transport i Vormedalsheia og Lusaheia landskapsvernområde i Hjelmeland	2012/3126

## AU 127/12 Godkjenning av sakliste og innkalling

Merknader i møtet:

- Tarjei Haugen orienterte om e-post dater 20. juni til Sira-Kvina kraftselskap/STF om bygging av midlertidig bru/klopp i anleggsperioden på Godfarlona. Sekretariatet meiner at eit slikt midlertidig tiltak ikkje er søknadspiktig så lenge det ikkje er snakk om eit irreversibelt tiltak. Den midlertidige brua må etablerast i samråd med STF og skal fjernast straks anleggsperioden er over.
- Tarjei Haugen orienterte om brev frå Fylkesmannen i Vest-Agder med initiativ til eit nytt forskingsprosjekt på villrein. SVR bør vere med i det planlagde interimstyret for prosjektet. Tarjei og styreleiar skrivar brev om dette til FMVA innan 1. juli.
- Påminning om nasjonalparkkonferansen på Otta. Opphald vert dekkja av MD, SVR dekkjer reiseutlegg. Samkøyring kan bli aktuelt.
- AU bad om å få møteinnkallinga i PDF – format for framtida. Dette lar seg lett løyse når serveren til FMAA er i funksjon att.
- Styreleiar opplyste at han hadde begynt arbeidet med eit notat om struktur, ansvars- og rollefordeling og køyrereglar for arbeidet i sekretariat og styret. Notatet må og seie noko om fylkesmennene sin rolle. Bakgrunnen for initiativet er diskusjonar på siste styremøte. Notatet vert lagt fram for AU til drøfting på neste møte med sikte på å få opp ei eiga sak på styremøtet i oktober.
- Dersom det kjem inn dispensasjonssøknader om transport i sommar og sekretariatet oppfattar desse som hastesaker, kan desse sakene sendast ut per e-post til AU. Sekretariatet ber då om merknader til forslaget til vedtak innan ein tidsfrist.
- Tidspunkt for neste AU-møte vert flytta frå 16. august til 17. august kl. 9.00.

## AU 128/12 Geir Egil Eie, søknad om helikoptertransport i Vormedalsheie, gnr 39, bnr 2, 11, 14, Hjelmeland kommune

### Forslag til vedtak

I medhald av kapittel III, kapittel IV, punkt 3 og kapittel VI, punkt 1. i Forskrift om vern av Vormedalsheia landskapsvernområde får Geir Egil Eie, 4041 Hafsrjord, løyve til å bruke helikopter til transport av, materialar, proviant, brensel og utstyr frå Fundingsland til Kvanndal på gnr. 39, bnr. 2, 11, 14 i Hjelmeland kommune.

Løyvet gjeld for inntil to transportar i tidsrommet 01.07 - 31.07.2012

Andre vilkår går fram av standard løyve

Handsaming i møtet  
AU drøfta søknaden.

### Vedtak

Som innstillinga.

**AU 129/12 Søknad om dispensasjon til helikoptertransport i Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Sirdal, Hjelmeland og Bykle kommune- Stavanger Turistforening**

**Forslag til vedtak**

I henhold til kapittel IV, punkt 5.4c i forskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiene landskapsvernområde får Stavanger Turistforening løyve til å bruke helikopter til transport av materialer og nødvendig utstyr i forbindelse med rehabilitering av hytte samt bygging av nye broer. Løyvet gjelder ut august 2012 og det skal ikke brukes flere transporter med helikopter enn det er søkt om.

Andre vilkår fremgår av standard løyve.

Rapport om transportene skal leveres inn på eget skjema. Skjemaet må sendes til Forvaltningssekretariatet for SVR, 4747 Valle senest 1. desember 2012.

Handsaming i møtet

AU drøfta søknaden.

**Vedtaket**

Som innstillinga.

Vedtaket var samrøystes

**AU 130/12 Søknad om dispensasjon til helikoptertransport i Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Åseral kommune- Agder Energi Produksjon AS**

**Forslag til vedtak**

I henhold til kapittel IV, punkt 5.4b i forskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiene landskapsvernområde får Agder Energi Produksjon AS løyve til å bruke helikopter til transport i forbindelse med utsetting av fisk.

Transporten skal starte ved Ljosland helikopterplass til Storevann og Stikil. Løyvet gjelder for to transporter og skal gjennomføres innen uke 34.

Andre vilkår fremgår av standard løyve.

Handsaming i møtet

Saka vart drøfta.

Sakshandsamar opplyste at det hadde kome med ein feil i saksutgreiinga. Dispensasjon kan gjevast etter punkt 5.4 a i forskrifta, ikkje etter punkt 5.4 b. Dette må difor endrast i vedtaket.

## **Vedtak**

I henhold til kapittel IV, punkt 5.4 a i forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiene landskapsvernområde får Agder Energi Produksjon AS løyve til å bruke helikopter til transport i forbindelse med utsetting av fisk.

Transporten skal starte ved Ljosland helikopterplass til Storevann og Stikil. Løyvet gjelder for to transporter og skal gjennomføres innen uke 34.

Andre vilkår fremgår av standard løyve.

Vedtaket var samrøystes.

## **AU 131/12 Søknad om dispensasjon til byggetiltak ved Solbu i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Åseral kommune- Kåre Skretting**

### **Forslag til vedtak**

I henhold av kapittel IV, punkt 1.1 i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde gis det ikke dispensasjon til å bygge på sankehytta ved Solbu i Åseral kommune.

### Handsaming i møtet

Saka vart drøfta.

Oddmund Ljosland foreslo å utsette saka inntil ein eventuelt har fått utarbeidd ein byggerettleiar. Tre medlemmer stemte for dette forslaget, to stemte for innstillinga frå forvaltar.

## **Vedtak**

Saka vert utsett.

Vedteke med tre av fem stemmer.

## **AU 132/12 Stavanger turistforening. Søknad om helikoptertransport i verneområda i Suldal**

### **Forslag til vedtak**

I medhald av kapittel III og kapittel IV, punkt 3.1 i Forskrift om vern av Dyraheio landskapsvernområde og Kvanndalen landskapsvernområde, får Stavanger turistforening løyve til å bruke helikopter til transport av, materialar, driftsmidlar og proviant til turisthyttene Stranddalen og Bleskestadmoen. Løyve gjeld og transport av brumaterialar til Tverråna og brumaterialar og materialar til erosjonsvern til Klauvskeidmoen.

Det blir gjeve løyve til inntil 14 transportar mellom Kjetilstadlio og Stranddalen for tidsrommet 22. juni – 30. september 2012.

Det blir gjeve løyve til inntil 13 transportar mellom dammen ved Sandvatn og Bleskestadmoen / Klauvskeidmoen for tidsrommet 22. juni – 31. juli 2012.

Det blir gjeve løyve til inntil 7 transportar mellom dammen ved Sandvatn og Tverråna for tidsrommet 22. juni – 31. juli 2012.

Andre vilkår går fram av standard løyve

Handsaming i møtet  
AU drøfta søknaden.

#### **Vedtak**

Som innstillinga.

Vedtaket var samrøystes

### **AU 133/12 Aktiv/Villmark/Opplevelser og Eventus A/S. Søknad om økonomisk støtte til Heibergarrangement**

#### **Forslag til vedtak**

Eventus A/S ved Arve Århus og Aktiv/VillmarkOpplevelse v/ Odd Kvinen får innvilga sin søknad på kr 32.500,- til kulturarrangementet ”Heiberg 100 år etter”.

Handsaming i møtet  
AU drøfta søknaden.

#### **Vedtak**

Som innstillinga.

Vedtaket var samrøystes

### **AU 134/12 Søknad frå Eventus AS og Aktiv Villmark Opplevelse om løyve til å arrangere Heibergdagar 2012 på "Gamle Gråmannen" i Sirdal kommune**

#### **Forslag til vedtak**

I medhald av kapittel III og kapittel IV, punkt 4.1 i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde får Eventus A/S og Aktiv Villmark Opplevelse løyve til å gjennomføre kulturarrangementet ”Heiberg 100 år etter” den 12. august 2012 ved Statskoghytta Gamle Gråmannen nord for Rosskreppfjorden i Sirdal kommune.

Handsaming i møtet  
AU drøfta søknaden.

## **Vedtak**

Som innstillinga.

Vedtaket var samrøystes

### **AU 135/12 Søknad frå Haavard Martinsen om helikoptertransport til Bossbu i Valle kommune**

#### **Forslag til vedtak**

I medhald av kapittel IV, punkt 5.4, bokstav c i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde får Haavard Martinsen løyve til å bruke helikopter til transport av proviant og utstyr til Bossbu under villreinjakta 2012.

Løyvet gjeld for ein transport. Transporten må gjennomførast i tidsromet 20.8. til 20.9.2012.

Verneområdestyret presiserer at landingspunktet er Bossbu. Dersom det er behov for transport av felt vilt, skal dette meldast frå til sekretariatet før transportane tar til.

Styret understrekar at det til neste villreinjakt må finnast andre alternativ for transportane til Bossbu sidan jaktområdet er relativt lett tilgjengeleg ved bruk av båt over Roskrepfjorden.

Andre vilkår går fram av standard løyve.

#### Handsaming i møtet

AU drøfta søknaden.

## **Vedtak**

Som innstillinga.

Vedtaket var samrøystes

### **AU 136/12 Søknad frå Bernhard Arild Stene om helikoptertransport til Bossbu i Valle kommune**

#### **Forslag til vedtak**

I medhald av kapittel IV, punkt 5.4, bokstav c i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde får Bernhard Arild Stene løyve til å bruke helikopter til transport av proviant og utstyr til Bossbu under villreinjakta 2012.

Løyvet gjeld for ein transport. Transporten må gjennomførast i tidsromet 20.8. til 30.9.2012.



Verneområdestyret presiserer at landingspunktet er Bossbu. Dersom det er behov for transport av felt vilt, skal dette meldast frå til sekretariatet før transportane tar til og ha utgangspunkt ved Bossvatn.

Styret understrekar at det til neste villreinjakt må finnast andre alternativ for transportane til Bossbu sidan jaktområdet er relativt lett tilgjengeleg ved bruk av båt over Roskreppfjorden.

Andre vilkår går fram av standard løyve.

#### Handsaming i møtet

AU drøfta søknaden.

#### **Vedtak**

Som innstillinga.

Vedtaket var samrøystes

### **AU 137/12 Søknad frå Tommy Bøe om helikoptertransport til Bossbu i Valle kommune**

#### **Forslag til vedtak**

I medhald av kapittel IV, punkt 5.4, bokstav c i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde får Tommy Bøe løyve til å bruke helikopter til transport av proviant og utstyr til Bossbu under villreinjakta 2012.

Løyvet gjeld for ein transport. Transporten må gjennomførast 1. oktober 2012.

Verneområdestyret presiserer at landingspunktet er Bossbu. Dersom det er behov for transport av felt vilt, skal dette meldast frå til sekretariatet før transportane tar til og ha utgangspunkt ved Bossvatn.

Styret understrekar at det til neste villreinjakt må finnast andre alternativ for transportane til Bossbu sidan jaktområdet er relativt lett tilgjengeleg ved bruk av båt over Roskreppfjorden.

Andre vilkår går fram av standard løyve.

#### Handsaming i møtet

AU drøfta søknaden.

#### **Vedtak**

Som innstillinga.

Vedtaket var samrøystes

### **AU 138/12 Søknad frå Torbjørn Vatne om helikoptertransport til Hovatn i Bykle kommune**

#### **Forslag til vedtak**

I medhald av kapittel IV, punkt 5.1, bokstav c i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde og §§ 8-12 i Naturmangfaldlova får Torbjørn

Vatne avslag på søknad om å bruke helikopter til transport av proviant og utstyr til Hovatn i Bykle kommune i samband med villreinjakta 2012.

I medhald av kapittel IV, punkt 5.3, bokstav c i den same forskrifta får Torbjørn Vatne også avslag på å frakte felt vilt ut frå Hovatn.

Handsaming i møtet  
AU drøfta søknaden.

#### **Vedtak**

Som innstillinga.

Vedtaket var samrøystes

### **AU 139/12 Søknad frå DNT Sør om helikoptertransport til Gaukhei i Bygland kommune**

#### **Forslag til vedtak**

I medhald av kapittel IV, punkt 5.4, bokstav c i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde får DNT Sør løyve til å bruke helikopter til transport av proviant og utstyr til turisthytta på Gaukhei.

Løyvet gjeld for inntil 12 transport fordelt på veke 27, 31 og 37 i 2012. DNT Sør må levere rapport til forvaltingssekretariatet over gjennomførde turar.

Andre vilkår går fram av standard løyve.

Handsaming i møtet  
AU drøfta søknaden.

#### **Vedtak**

Som innstillinga.

Vedtaket var samrøystes

### **AU 140/12 Søknad om dispensasjon til helikoptertransport i Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Åseral kommune- Grete Hald Melsom**

#### **Forslag til vedtak**

I henhold til kapittel IV, punkt 5.4c i forskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiene landskapsvernområde får Grete Hald Melsom løyve til å bruke helikopter til transport av ved, materialer, proviant, brensel og utstyr til hytte på gnr/bnr: 2/59 i Åseral kommune.

Transporten skal starte ved Ljosland helikopterplass til hytte ved Krokvatn. Løyvet gjelder for en transport og skal gjennomføres innen perioden 29 juli til 12 august.

Andre vilkår fremgår av standard løyve.

Handsaming i møtet  
AU drøfta søknaden.

### **Vedtak**

Som innstillinga.

Vedtaket var samrøystes

## **AU 141/12 Søknad om helikoptertransport frå Tarjei Langeid til Uhomsstøyl i Bygland kommune**

### **Forslag til vedtak**

I medhald av kapittel IV, punkt 5.4, bokstav c i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde får Tarjei Langeid løyve til å bruke helikopter til transport av materialar og utstyr i samband med oppattbygging av stølsbu på Uhomsstøyl, gnr. 3, bnr. 3 i Bygland kommune.

Løyvet er gjeve utan ei øvre grense for talet på turar, men transportane må avgrensast så mykje som råd. Transportane må gjennomførast i juli eller august 2012.

Rapport om transportane skal leverast inn på eige skjema. Skjemaet må sendast til Forvaltingssekretariatet for SVR, 4747 Valle seinast 1. desember 2012.

Andre vilkår går fram av standard løyve.

Handsaming i møtet  
AU drøfta søknaden.

### **Vedtak**

Som innstillinga.

Vedtaket var samrøystes

## **AU 142/12 Søknad frå Inger og Thomas Gleditch om helikoptertransport til Øyevatn i Bygland kommune**

### **Forslag til vedtak**

I medhald av kapittel IV, punkt 5.4, bokstav c i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde får Inger og Thomas Gleditsch løyve til å bruke helikopter til transport av ved, proviant, brensel og utstyr til hytte ved Øyevatn, gnr. 4, bnr. 24 i Bygland kommune. Løyvet gjeld og transport av materialar og utstyr i samband med rehabilitering av hytta.

Transportane skal starte på Ljosland. Løyvet gjeld for inntil tre transportar. Transportane må gjennomførast i tidsromet 1.7. til 1.10.2012.

Søknaden om transport av kalk vert avslått sidan det ikkje er lagt fram dokumentasjon på at dette er eit tiltak grunneigarane ynskjer og sidan fagleg vurdering av behovet for kalking manglar.

Rapport om transportane skal leverast inn på eige skjema. Skjemaet må sendast til Forvaltingssekretariatet for SVR, 4747 Valle seinast 1. desember 2012.

Andre vilkår går fram av standard løyve.

Handsaming i møtet  
AU drøfta søknaden.

#### **Vedtak**

Som innstillinga.

Vedtaket var samrøystes

### **AU 143/12 Stian Mæland, søknad om helikoptertransport i Vormedalsheia, gnr 39, bnr 3-8, Hjelmeland kommune**

#### **Forslag til vedtak**

I medhald av kapittel III, kapittel IV, punkt 3 og kapittel VI, punkt 1. i Forskrift om vern av Vormedalsheia landskapsvernområde får Stian Mæland, gnr. 39, bnr. 3-8 i Hjelmeland kommune, løyve til å bruke helikopter til transport av, materialar, proviant, brensel og utstyr frå Fundingsland til Vasstøl.

Løyvet gjeld for inntil to transportar i tidsrommet 01.07 - 31.07.2012

Andre vilkår går fram av standard løyve

Handsaming i møtet  
AU drøfta søknaden.

#### **Vedtak**

Som innstillinga.

Vedtaket var samrøystes

### **AU 144/12 Odd Arne Aadneram Søknad om helikoptertransport i Frafjordheiane gnr 64, bnr 1, Gjesdal kommune**

#### **Forslag til vedtak**

I medhald av §2, §3, punkt 5.1 og §3, punkt 5.3a i Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde får Odd Arne Aadneram løyve til å bruke helikopter til transport ein vedomn og materialar til vedlikehald av ei sankehytte ved Homma i Gjesdal kommune.

Transportane skal gå mellom Retland og hytta ved Homma, og det skal nyttast landingspunkt som er teikna inn på kart.

Løyvet gjeld for inntil to transportar i tidsrommet 01.07 - 31.10.2012

Andre vilkår går fram av standard løyve

Handsaming i møtet  
AU drøfta søknaden.

#### **Vedtak**

Som innstillinga.

Vedtaket var samrøystes

### **AU 145/12 Søknad om dispensasjon til helikoptertransport i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Åseral kommune- Toril Hald Oftebro**

#### **Forslag til vedtak**

I henhold til kapittel IV, punkt 5.4c i forskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiene landskapsvernområde får Toril Hald Oftebro løyve til å bruke helikopter til transport av ved , materialer, proviant, brensel og utstyr til hytte på gnr/bnr: 2/59 i Åseral kommune.

Transporten skal starte ved Ljosland helikopterplass til hytte ved Krokvatn. Løyvet gjelder for en transport og skal gjennomføres innen perioden 23. juli til 5. august.

Andre vilkår fremgår av standard løyve.

Handsaming i møtet  
AU drøfta søknaden.

#### **Vedtak**

Som innstillinga.

Vedtaket var samrøystes

### **AU 146/12 Søknad om dispensasjon til helikoptertransport i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Åseral kommune- Gustav Olsen jr.**

#### **Forslag til vedtak**

I henhold til kapittel IV, punkt 5.4c i forskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiene landskapsvernområde får Gustav Olsen jr løyve til å bruke helikopter til transport av ved , materialer, proviant, brensel og utstyr til hytte på gnr/bnr: 3/18 i Åseral kommune.

Transporten skal starte ved Ljosland fjellstue til hytte ved Kilen vest. Løyvet gjelder for to transporter og skal gjennomføres innen perioden 9.10 til 15.10.

Andre vilkår fremgår av standard løyve.

Handsaming i møtet  
AU drøfta søknaden.

### **Vedtak**

Som innstillinga.

Vedtaket var samrøystes

## **AU 147/12 Søknad frå Trond Refsnes om transport med helikopter til Bossbu i Valle kommune**

### **Innstilling frå forvaltar**

I medhald av kapittel IV, punkt 5.4, bokstav c i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde får Trond Refsnes løyve til å bruke helikopter til transport av proviant og utstyr til Bossbu under villreinjakta 2012.

Løyvet gjeld for ein transport. Transporten må gjennomførast i tidsromet 20.8. til 30.9.2012.

Verneområdestyret presiserer at landingspunktet er Bossbu. Dersom det er behov for transport av felt vilt, skal dette meldast frå til sekretariatet før transportane tar til.

Styret understrekar at det til neste villreinjakt må finnast andre alternativ for transportane til Bossbu sidan jaktområdet er relativt lett tilgjengeleg ved bruk av båt over Roskrepfjorden.

Andre vilkår går fram av standard løyve.

Handsaming i møtet  
AU drøfta søknaden.

### **Vedtak**

Som innstillinga.

Vedtaket var samrøystes

## **AU 148/12 Søknad om dispensasjon fra Lov om Hundehold - NJFF - Rogaland**

### **Forslag til vedtak**

I henhold til kapittel IV, punkt 4.1i forskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiene landskapsvernområde får NJFF- Rogaland løyve til å gjennomføre rypetaksering i Valevann området 5- 12 august med mulighet til å benytte enkelte ukedager i uke 33 frem til 20 august.

Løyve avgrenses til 20 august 2012.

Løyve kan bli dratt tilbake hvis omsyn til vilt tilsier det.

### Handsaming i møtet

Saka vart drøfta.

AU kommenterte at verneområdestyret ikkje kan gje løyve etter Lov om hundehold. Overskrifta i saksutgreiinga må difor endrast.

AU meinte og at setninga "Løyvet avgrensas til 20. august." er unødvendig og at den difor bør strykast.

### **Vedtak**

I henhold til kapittel IV, punkt 4.1 i forskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiene landskapsvernområde får NJFF- Rogaland løyve til å gjennomføre rypetaksering i Valevann området 5- 12 august med mulighet til å benytte enkelte ukedager i uke 33 frem til 20 august.

Løyve kan bli dratt tilbake hvis omsyn til vilt tilsier det.

Vedtaket var samrøystes.

## **AU 149/12 Søknad om helikoptertransport frå Karl Martin Mattingsdal til Videlega i Valle kommune og Gaukhei og Strondelega i Bygland kommune**

### **Forslag til vedtak**

I medhald av kapittel IV, punkt 5.4, bokstav a i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde får heiesjef Karl Martin Mattingsdal løyve til å bruke helikopter til transport av proviant og hundefor i samband med heimsanking av sau i Langeids- og Hegglandsheia.

Det vert gjeve løyve til ein helikoptertransport i veke 35 frå 2012 til 2014.

Landing er avgrensa til Videlega i Valle kommune og Gaukhei og Strondelega i Bygland kommune

### Handsaming i møtet

Saka vart drøfta.

Styreleiar påpeika at det ikkje burde gjevast løyve for meir enn eitt år i denne omgang.

Med bakgrunn i erfaringane ein no har, bør det først vere ein prosess for å avklare kva for løyve som kan gjevast for eit lengre tidsrom og også kva for type dispensasjons - søknader som ein bør kunne delegere til sekretariatet. Dette bør kome opp som ei eiga sak på neste styremøte. Sekretariatet bør utarbeide eit forslag.

### **Vedtak**

I medhald av kapittel IV, punkt 5.4, bokstav a i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde får heiesjef Karl Martin Mattingsdal løyve til å bruke helikopter til transport av proviant og hundefor i samband med heimsanking av sau i Langeids- og Hegglandsheia.

Det vert gjeve løyve til ein helikoptertransport i veke 35 i 2012.

Landing er avgrensa til Videlega i Valle kommune og Gaukhei og Strondelega i Bygland kommune.

Vedtaket var samrøystes.

### **AU 150/12 Søknad om dispensasjon til helikoptertransport i Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiene landskapsvernområde, Åseral kommune- Baard Kjelsaas og Morten Salvesen**

#### **Forslag til vedtak**

I henhold til kapittel IV, punkt 5.4c i forskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiene landskapsvernområde får Baard Kjelsaas og Morten Salvesen løyve til å bruke helikopter til transport av ved, materialer, proviant, brensel og utstyr til Lordehytta i Åseral kommune.

Transporten skal starte ved Ljosland Fjellstue til Lordehytta. Løyvet gjelder for 6 transporter og skal gjennomføres innen perioden 10 juni til utgangen av oktober.

Andre vilkår fremgår av standard løyve.

Rapport om transportene skal sendes inn på eget skjema. Skjemaet må sendes til Forvaltingssekretariatet for SVR, 4747 Valle senest 1. desember 2012.

Handsaming i møtet  
AU drøfta søknaden.

#### **Vedtak**

Som innstillinga.

Vedtaket var samrøystes.

### **AU 151/12 Søknad frå Stavanger Turistforening om helikoptertransport til Storsteinhytta i Bykle kommune**

#### **Forslag til vedtak**

I medhald av kapittel IV, punkt 5.4, bokstav c i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde får Stavanger Turistforening løyve til å bruke helikopter til transport av materialar og utstyr i samband med rehabiliteringsarbeid på tursthytta Storsteinen i Bykle kommune.

Transporten skal starte ved Blåsjøvegen i Suldal kommune. Løyvet vert gjeve for så mange transportar som STF treng for å transportere materialar og utstyr i samband med rehabiliteringa. Talet på transportar må difor rapporterast til sekretariatet i etterkant.

Transportane må gjennomførast før 10. august 2012.



Rapport om transportane skal leverast inn på eige skjema. Skjemaet må sendast til Forvaltingssekretariatet for SVR, 4747 Valle seinast 1. desember 2012.

Andre vilkår går fram av standard løyve.

Handsaming i møtet  
AU drøfta søknaden.

### **Vedtak**

Som innstillinga.

Vedtaket var samrøystes.

## **AU 152/12 Flytting av Sirdalkontoret fra Kvæven Bygdetun til kommunehuset på Tonstad**

### **Forslag til vedtak**

AU godkjenner verneområdes ønske om å flytte kontor og det vil bli sendt en søknad til miljøverndepartementet om flytting av kontor.

Handsaming i møtet  
Saka vart drøfta.

Statskog, som har kontorfellesskap med SVR på Kvæven, hadde sendt e-post om saka til AU-medlemmene. I e-posten bad dei om at kontoret ikkje vart flytta til Tonstad. Nestleiar refererte og ein SMS han hadde fått frå Statskog om den same saka. I meldinga skrivar Statskog at dei kjem til å flytte frå Kvæven dersom SVR flytter.

Styreleiar påpeika at Kvæven var utpeika som kontorstad i brev frå departementet og at ei eventuell flytting difor burde vere ei typisk styresak. Det vart og påpeika at saksutgreiinga ikkje kan gjerast av den som i dag har kontorstad på Kvæven sidan dette vil vere eit brot på reglane om habilitet.

AU konkluderte med at dette var ei sak som høyrer heime i samla styre og difor må utsettast. Det er og behov for å få meir bakgrunnsinformasjon i saka samstundes som saksutgreiing må gjerast av andre i sekretariatet.

### **Vedtak**

Saka vert utsett og tatt opp på neste styremøte.

Vedtaket var samrøystes.

## **AU 153/12 Stavanger turistforening. Søknad om helikopter transport i Vormedalsheia og Lusaheia landskapsvernområder i Hjelmeland**

### **Forslag til vedtak**

I medhald av kapittel III, kapittel IV, punkt 3 og kapittel VI, punkt 1. i Forskrift om vern av Vormedalsheia landskapsvernområde og Forskrift om vern av Lusaheia landskapsvernområde, får Stavanger turistforening løyve til å bruke helikopter til transport av, materialar, verktøy, mannskap, driftsmidlar og proviant til turisthyttene Melands Grønahei og Eidavatn.

Det blir gjeve løyve til inntil 5 transportar mellom Fundingsland og Melands Grønahei, og inntil 5 transportar mellom dammen på Nilsebuvatnet og Eidavatn. Løyva gjeld for tidsrommet 22 juni – 31 juli 2012.

Andre vilkår går fram av standard løyve

### Handsaming i møtet

AU drøfta søknaden.

### **Vedtak**

Som innstillinga.

Vedtaket var samrøystes.